



Hans Albrethson gjer klar til utstillingsopning i Galleri Oska. Bak han ser vi ein tidlegare storløpar i kvinnhershsk natur.

Også ved restauranten Oska i båthamna går ein no inn i haustsesongen. Denne veka vert dette markert på ulike måtar. Torsdag er det etterlengta komlebuffeet tilbake frå kl.15, og på lørdag er det klart for opning av ei ny kunstutstilling i Galleri Oska. Svært vakre bilete av Hans Albrethson laga i m.a. knust glas og anna materiale skal no pryda veggene framover.



Vakre og fargerike motiv

Hans Albrethson er velkjend som mangeårig lærar både ved Uskedal skule og Rosendal ungdomsskule. Han styrte også Bringdalsbygda skule nokre år. Han har heile tida vore oppteken av kunst og å forma. Mange hugsar sikkert det store glasmosaikkbiletet av to elevar som i svært mange år hang i hallen på Uskedal skule. Det vart laga av klassen som eg gjekk i, då vi hadde Albrethson som lærar. Truleg var året 1967 eller 68 då skulen var ganske nyinflytta.

Eit liknande elevprosjekt hadde han på Rosendal ungdomsskule. Der var motivet ei stor ugle, og hovudmaterialet var skjel. Ein stor hane var motivet i eit bilete han stod bak til opninga av nyeskulen i Herøysundet. Der var hovudmaterialet glas, men Albrethson meiner at han også brukte ganske mykje skjel i den. Mange har nok minne frå desse bileta.

Gjennom åra har Albrethson utvikla teknikken. I dei flotte bileta han no stiller ut i salgsutstillinga på Oska, er materiala mykje knust glas, knust stein, skjel og fiskebein. Motiva er varierte og fargerike og gjer seg svært godt på dei kvite veggene i Galleri Oska. Eg anbefaler alle å ta turen lørdag kl. 16 under opninga. Etter utstillingsopninga har restauranten ope, og då kan ein nyta ein god middag eller berre kosa seg med noko enklare.

Elles fortel Roy Lervåg at den faste kompletorsdagen er på plass frå denne veka. Denne fredagen opnar restauranten kl.19 for enkel bespising etter at det har vore eit slutta lag tidlegare på ettermiddagen. Lørdagen har vi alt nemnt, og søndag er det klart for den populære søndagsmiddagen frå kl.15. Denne søndagen lokkar Lervåg med ein skikkeleg klassikar. Det vert svinesteik med rista rotgrønsaker og eple. Sidan vi er midt i plommehausten, vert desserten basert på plommer frå Hardanger. Eg fekk vatn i munnen og seier NAM, NAM!

Roy Lervåg seier at i vekene framover vert torsdag og søndag dei faste opningsdagane. I tillegg vert det ope ved arrangement. Desse vert gjort kjent, og elles minner vi om at det er lurt å følgja Smakifrå sine oppdateringar på facebook.



Bileta gjer seg svært godt på dei kvite veggene i Galleri Oska
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.